

3.sakspapirbunke:

Framlegg til endringar i sak 7 – Prinsipprogram

Formatering i dokumentet:

Understroktekst: ny foreslått tekst

Gjennomstroktekst: tekst foreslått stroke

Tekst i kursiv: tekst foreslått flytta

Tekst utan formatering: neverande tekst, foreslått heldt på

Innleiinga

Framlegg 7.1

Side 14	Linje 5-11	Framlegg frå: Naturvernforbundet Oslo og Akershus
---------	------------	---

Slette følgende avsnitt:

Naturvernforbundet arbeider for å verne og forvalte naturen på ein måte som sikrar vårt felles livsmiljø. Hovudmålet er at natur- og miljøomsyn må leggjast til grunn for all menneskeleg aktivitet.

Livsformene i naturen er verdifulle fordi dei har ein verdi i seg sjølv, utan omsyn til om det er til nytte for menneska, og fordi menneska er avhengige av dei. Mennesket har ingen rett til å utrydde nokon av artane på jorda eller øydelegge det livsmiljøet artane treng for å leve. Å verne om rikdomen av livsformer og leveområda deira er naudsynt for å sikre livskrafta og produktiviteten i naturen.

Til fordel for dette:

Norges Naturvernforbund (Naturvernforbundet), Norgga Luonddugáhttenlihttua, vil arbeide for å verne naturen og sikre livsmiljøet slik at menneskelig virksomhet ikke overskridrstålegrensene i naturen.

Naturvernforbundet vil arbeide for et samfunn der menneskene lever i harmoni med naturen. Dette er et samfunn hvor livsgrunnlaget og livsmangfoldet er sikret for framtidige generasjoner, og hvor naturens egenverdi legges til grunn for arbeidet med å øke menneskers respekt for og kjærlighet til liv og landskap.

Landsstyrets innstilling (mot 5 stemmer): **Forslaget avvises**

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling: **Forslaget avvises**

Vedtak: Avvist

Framlegg 7.2

<i>Side 14</i>	<i>Linje 11</i>	<i>Framlegg frå: Landsstyret</i>
----------------	-----------------	----------------------------------

Legge til to ord i siste setning

Livsformene i naturen er verdifulle fordi dei har ein verdi i seg sjølv, utan omsyn til om det er til nytte for menneska, og fordi menneska er avhengige av dei. Mennesket har ingen rett til å utrydde nokon av artane på jorda eller øydelegge det livsmiljøet artane treng for å leve. Å verne om rikdomen av livsformer og naturlege økosystem er naudsynt for å sikre livskrafta og produktiviteten i naturen.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: Vedtatt

Framlegg 7.3

<i>Side 14</i>	<i>Linje 12</i>	<i>Framlegg frå: Naturvernforbundet Oslo og Akershus</i>
----------------	-----------------	--

Nytt avsnitt:

Naturvernforbundet skal være den fremste forsvarer av norsk natur, lokalt og nasjonalt.

Naturvernforbundets største fortrinn i arbeidet er lokal- og fylkeslagene og det omfattende frivillige arbeidet som nedlegges for å omsette overordnede prinsipper til praktisk naturvern. Vårt lokalapparat skiller Naturvernforbundet fra alle andre aktører blant natur- og miljøvernorganisasjonene. Det er først og fremst det lokale, medlemsutførte, frivillige naturvernarbeidet som gir Naturvernforbundet dets særegne rolle, identitet og legitimitet.

Landsstyrets innstilling (mot 2 stemmer): Forslaget avvises

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget avvises

Vedtak: Avvist

Framlegg 7.4

<i>Side 14</i>	<i>Linje 27</i>	<i>Framlegg frå: Naturvernforbundet Oslo og Akershus</i>
----------------	-----------------	--

Nytt avsnitt:

Potensialet for naturglede, naturopplevelse og rekreasjon henger nøye sammen med tilgang for flest mulig til mest mulig intakt natur. Tilgang til og varsom bruk av slik natur er også avgjørende for at folk skal bli naturvernere i praksis. For Naturvernforbundet er derfor vern av vakker natur med klare opplevelsесverdier en viktig oppgave.

Landsstyrets innstilling (mot 6 stemmer): **Forslaget avvises**

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget avvises

Vedtak: avvist

Framlegg 7.5

Side 14

Linje 28-31

Framlegg frå: Landsstyret

Noverande siste avsnitt blir stroke, tre nye avsnitt blir sett inn

I den globaliserte verda blir fleire miljøproblem verdsomspennande. Dette må vi møte med internasjonale avtalar og samarbeid. Lokal og nasjonal innsats må vere drivkrafta bak dei endringane som skal til. Både lokalt og globalt kan omstillingar vere vanskelege, men å vente med dei endringane som skal til, vil gjøre omstillingane meir smertefulle.

Dei globale miljøproblema er omfattande, alvorlege og må løysast gjennom krevjande omstillingar. Desse omstillingane må drivast fram ved lokal og nasjonal innsats, men i ei globalisert verd krevst også internasjonalt arbeid og internasjonale avtalar. Ei viktig side ved dei internasjonale avtalane er å komme fram til effektive miljøløysingar som blir oppfatta som rimelege og legitime av alle partar.

Naturvernforbundet sitt internasjonale arbeid skal bidra til å styrke lokalbaserte miljøvernorganisasjonar i dei landa vi engasjerer oss, og det internasjonale engasjementet skal bidra til å styrke Naturvernforbundet sitt arbeid i Noreg og overfor internasjonale miljøavtalar.

Landet Naturvernforbundet er engasjert i har store miljøutfordringar og er blant det dårlegast stilte når det gjeld deltaking frå sivilt samfunn. Sterkare nasjonale miljøorganisasjonar er viktige for å ta vare på miljøinteressene.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Prinsipp for praksis

Framlegg 7.6

Side 14

Linje 37-38, 1.strekpunkt

Framlegg frå: Landsstyret

Erstatte ei setning med ei anna

Naturvernforbundets landsmøte 2011
Sak 7 – Framlegg til endringar i Naturvernforbundets prinsipprogram

- Kunnskap: Alle private og offentlege aktørar som påverkar naturen må ha plikt til å setje seg inn i korleis verksemde deira påverkar naturen. Oppdatert og ny kunnskap må leggjast til grunn for vedtak og handlingar. Oppdatert vitskapeleg og erfaringsbasert kunnskap må leggjast til grunn for vedtak og handlingar.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.7

<i>Side 14</i>	<i>Linje 47, 4.strekpunkt</i>	<i>Framlegg frå: Landsstyret</i>
----------------	-------------------------------	----------------------------------

Sette inn ein delsetning

Den som påverkar, skal betale: Den som påverkar miljøet på ein negativ måte, skal dekke kostnadene ved tiltak som hindrar eller avgrensar skadane, eller som tilbakefører området til sin opphavlege tilstand.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling: Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.8

<i>Side 14</i>	<i>Linje 51</i>	<i>Framlegg frå: Landsstyret</i>
----------------	-----------------	----------------------------------

Nytt punkt

Oppfølging på alle nivå: Myndighetene har ansvar for å følgje opp, kontrollere og innføre sanksjonar og tiltak overfor dei som bryt den norske natur- og miljølovgivinga. Både myndighetene, næringsliv og befolkning har eit ansvar for å sette seg inn i og følgje felles reglar.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Organisasjonen

Framlegg 7.9

<i>Side 15</i>	<i>Linje 5</i>	<i>Framlegg frå: Landsstyret</i>
----------------	----------------	----------------------------------

Legge til to delsetningar

Norges Naturvernforbund er ein demokratisk medlemsorganisasjon, skipa i 1914. Folkeleg engasjement gjennom lokalt naturvernarbeid er grunnlaget for arbeidet for livskraftig natur og miljøgode, og avgjeraande for Naturvernforbundets styrke. Medlemene avgjer, gjennom sine tillitsvalde, kva forbundet skal meine og arbeide med. Naturvernforbundet har aktive fylkes- og lokallag over heile landet. Saman med sekretariatet gjev dei den styrken Naturvernforbundet byggjer på. Naturvernforbundet er partipolitisk nøytralt og uavhengig av økonomiske interesser, staten og andre organisasjonar. Miljøagentane og Natur og Ungdom er barne- og ungdomsorganisasjonane til Naturvernforbundet.

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.10

Side 15	Linje 34-37	Framlegg frå: Landsstyret
---------	-------------	---------------------------

Første del av avsnittet vert bytt ut med ny tekst

Norges Naturvernforbund samarbeider med miljøvernorganisasjonar i Noreg og andre land for å løye regionale og globale miljøproblem. Det er ei viktig oppgåve å støtte og styrke folkelege og demokratiske organisasjonar i land det miljøvern har dårlege kår. Norges Naturvernforbund er den norske avdelinga av Friends of the Earth International.

Brei folkeleg deltaking er avgjorande for å løye internasjonale miljøproblem. Naturvernforbundet samarbeider med miljørørsler i land med store miljøutfordringar og som har store utfordringar når det gjeld deltaking frå sivilt samfunn. I tillegg arbeider Naturvernforbundet i internasjonale nettverk som Friends of the Earth og Climate Action Network.

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Naturmangfaldet

Framlegg 7.11

Side 15	Linje 45-46	Framlegg frå: Landsstyret
---------	-------------	---------------------------

To ord erstattast og ei ny setning er foreslått tatt inn

Naturmangfaldet er livsviktig og uerstatteleg. Vi må sikre rikdommen av planter, dyr og andre

Naturvernforbundets landsmøte 2011
Sak 7 – Framlegg til endringar i Naturvernforbundets prinsipprogram

organismar for framtida. Dette inneber å ta vare på artane, med på den genetiske variasjonen innan artane og dei leveområda som organismane treng. Det er moralsk uakseptabelt å utrydde naturarter og naturtypar. Sunn økologisk tilstand må vere forvaltningsprinsippet for all norsk natur.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.12

<i>Side 15</i>	<i>Linje 47</i>	<i>Framlegg frå: Landsstyret</i>
----------------	-----------------	----------------------------------

Ny setning foreslått tatt inn

NNV støttar og respekterer urfolk sine rettar slik dei er felt ned i internasjonale avtalar som Noreg er tilslutta.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.13

<i>Side 15</i>	<i>Linje 49-50</i>	<i>Framlegg frå: Landsstyret</i>
----------------	--------------------	----------------------------------

Tre nye setningar er foreslått tatt inn, ein strykast

Noreg har truleg den mest varierte naturen i europeisk samanheng. Verda har ikkje noko som tilsvarer dei norske fjordlandskapa og den vassdragsnaturen som høyrer til. Naturen i havet er i verdklasse både når det gjeld produktivitet av fisk og sjeldne korallrev. Vi er åleine om villreinstammar og intakte fjelløkosystem i Europa. Noreg har eit europeisk ansvar for å bevare eit vel fungerande fjelløkosystem. Noreg har og ein verdifull skognatur med mange sjeldne artar.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.14

Naturvernforbundets landsmøte 2011
Sak 7 – Framlegg til endringar i Naturvernforbundets prinsipprogram

Side 16	Linje 1-4	Framlegg frå: Landsstyret
Eitt ord erstattast med eit anna, ein setning strykast		
Over 40 vegetasjonstypar er truga av utrydding i Noreg. Nesten Over 4000 artar står på den nasjonale raudlista. Vi har ikkje råd til å misse nokon av dei. Kvart dyr, kvar plante og kvart insekt som blir utrydda, er eit evig tap. Nokon artar og landskapstypar har Noreg eit internasjonalt ansvar for, mellom anna havørn og kystlyngheier.		
Prøvevotering		
Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas		
Vedtak: vedtatt		

Framlegg 7.15		
Side 16	Linje 1 og linje 24	Framlegg frå: Landsstyret
Endre eit ord to stader – line 1 og line 24		
Erstatte ordet «vegetasjonstyper» med «naturtyper».		
Prøvevotering		
Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas		
Vedtak: vedtatt		

Framlegg 7.16		
Side 16	Linje 20-23, 2.kulepunkt	Framlegg frå: Landsstyret
Tre tillegg, fire strykningar		
<ul style="list-style-type: none">Det må etablerast økologisk <u>representative baserte</u> nettverk av <u>verneområde og utvalde naturtyper verna og andre areal</u> for å sikre den økologiske samanhengen over større område og trygge leveområda for arealkrevjande artar. Dei inngrepssfrie områda (INON) i Noreg har minska sterkt dei siste åra, og meir reduksjon må stoppast. <u>Denne utviklinga må stoppast.</u>		
Prøvevotering		
Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas		
<i>Det ble fremmet et redaksjonelt forslag om å ta ordet INON ut av parentesen. Redaksjonskomiteen foreslår å avvise dette fordi komiteen mener det vil være språklig ukorrekt.</i>		
Vedtak:		

Framlegg 7.17

<i>Side 16</i>	<i>Linje 26-27, 4.kulepunkt</i>	<i>Framlegg frå: Landsstyret</i>
----------------	---------------------------------	----------------------------------

Forslått stroke, i tråd med endringar i andre kulepunkt, og nytt punkt blir sett inn

- Nasjonalparkplanen, dei tematiske verneplanane og planane for vern av marine område må gjennomførast raskt. Skogvernet må aukast vesentleg.
- Supplerande nasjonalparkplan må lages, og vern av skog og marine område må aukast vesentleg.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling : Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.18

<i>Side 16</i>	<i>Linje 28-29, 5.kulepunkt</i>	<i>Framlegg frå: Landsstyret</i>
----------------	---------------------------------	----------------------------------

Foreslått tre tillegg

- Nasjonalparkar og alle andre verna område må forvaltast aktivt med lokal medverknad, slik at naturmangfaldet og tradisjonell bruk blir tatt vare på.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling : Ordet alle vedtas tatt inn, ordene med lokal medverknad og og tradisjonell bruk avvises. Det nye punktet blir dermed:

Nasjonalparkar og alle andre verna område må forvaltast aktivt, slik at naturmangfaldet blir tatt vare på.

Redaksjonskomiteens innstilling: **Forslaget vedtas**

Begrunnelse for forslaget fra komiteen.

Det kom mange endringsforslag til dette punktet, og det har under debatten kommet fram at det eksisterer mange ulike forståelser av begrepene "lokal medvirkning" og "tradisjonell bruk". Komiteen foreslår derfor å ikke ta inn disse begrepene, men heller oppfordre det nye landsstyret til å debattere meningsinnholdet – gjerne i form av en uttalelse.

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.19

Side 16

Linje 30, 6.kulepunkt

Framlegg frå: Landsstyret

Foreslått stroke

Fjellnaturen må ikkje byggjast ned, men takast vare på for å sikre leveområde for villreinen og nasjonalt viktige friluftsområde.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.20

Side 16

Linje 32-36, 7.kulepunkt

Framlegg frå: Landsstyret

Eitt ord foreslått sett inn, ein setning strykast og to nye blir sett inn

- Den naturlege rytmen i vassdraga må sikrast. God økologisk tilstand må vere eit mål for alle vassdrag. I samband med alle planlagde inngrep i vassdrag, også utbygging av mini-, mikro- og småkraftverk, må det setjast strenge krav til å ta vare på biologisk mangfald. Under konsesjonshandsaminga må småkraftsakene innanfor eit område sjåast i samanheng for å sikre naturverdiane. Eit forvarleg utval av mindre vassdrag og elvar må vernast mot kraftutbygging. Verna vassdrag må også sikrast mot andre inngrep.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.21

Side 16

Linje 37-38, 8.kulepunkt

Framlegg frå: Landsstyret

Foreslått stroke

- Grøntområde med bekkedrag må takast vare på også i nærmiljøet og i tettstader. Bekkar som er lukka, bør opnast der det er muleg

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling

Naturvernforbundets landsmøte 2011
Sak 7 – Framlegg til endringar i Naturvernforbundets prinsipprogram

Ragnhild Trosby, Horten, foreslo å opprettholde punktet. Komiteen støtter Trosby og innstiller på at strykningsforslaget fra landsstyret avvises.

Redaksjonskomiteens innstilling: **Forslaget avvises**

Vedtak: avvist (punktet blir altså stående, møtet avviser LAS' forslag om å avvise)

Framlegg 7.22

Side 16	Linje 39-41, 9.kulepunkt	Framlegg frå: Landsstyret
---------	--------------------------	---------------------------

Foreslått stroke i tråd med endring i sjuande kulepunkt

- Verneformålet må takast vare på i verna vassdrag. I tillegg må verna vassdrag sikrast mot andre inngrep. Eit forsvarleg utval av mindre vassdrag og elvar må vernast mot kraftutbygging.

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling

Gjermund Andersen, NOA, foreslår å opprettholde kulepunktet. Komiteen mener innholdet i punktet er ivaretatt i endringsforslag 7.20 og støtter derfor landsstyrets innstilling på at kulepunktet strykes.

Redaksjonskomiteens innstilling: **Forslaget vedtas**

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.23

Side 16	Linje 45-46, 12.kulepunkt	Framlegg frå: Landsstyret
---------	---------------------------	---------------------------

Foreslått flytta til kapittel om landbruk og fiske

- Utandørs bruk av genmanipulerte organismar og av ikkje stadeigne artar i skogbruket må nektast.

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.24

Side 16	Linje 49	Framlegg frå: Landsstyret
---------	----------	---------------------------

Foreslått nytt kulepunkt

- Ny kraftproduksjon, kraftlinjer og annan infrastruktur for distribusjon av fornybar energi må leggast der det ikkje kjem i konflikt med sårbare og verdifulle naturverdiar.

Prøvevotering		
Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas		
Vedtak: vedtatt		

Framlegg 7.25		
Side 16	Linje 49	<i>Framlegg frå: Landsstyret</i>
Foreslått nytt kulepunkt		
<ul style="list-style-type: none">• <u>Ny etablering av industri, bergverk og annan arealkrevjande verksemd får ikkje skje i område med særskilt god miljøtilstand med mindre det kan garanterast teknikkar som gir ubetydelege utslepp og effektar på naturmangfaldet og tradisjonell bruk av området.</u>		
Prøvevotering		
Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas		
Vedtak: vedtatt		

Nytt kapittel: Klima

Framlegg 7.26		
Side 16	Linje 50	<i>Framlegg frå: Landsstyret</i>
Nytt kapittel om klima. Strykingar andre stader i dokumentet (eigne framlegg)		
Klima <u>Forbruk av fossil brensel og avskoging har ført til ei dramatisk auke av CO2-innhaldet i atmosfæren og innhaldet vil bli tredobla innan 2100 dersom utsleppa held fram som no. Det vil gje dramatiske klimaendringar som får store konsekvensar for naturen og alt liv på jorda slik vi kjenner det i dag. Livsgrunnlaget for mange av verdas fattigaste vil blir øydelagt og store delar av naturrikdommen står i fare for å døy ut som ei følgje av den globale oppvarminga.</u>		
<u>FN sitt klimapanel har berekna at klimagassutsleppa må reduserast med 50 – 85 prosent innan 2050 for å unngå dei mest dramatiske klimaendringane. Naturvernforbundet meiner den globale temperaturauken må haldast godt under 2 grader Celsius. Da trengst det kraftige utsleppsreduksjonar både i industrilanda og i utviklingslanda. Dei rike landa har det historiske ansvaret for klimakrisa, og må derfor finansiere hovuddelen av reduksjonen, også i utviklingslanda.</u>		
<u>Olje- og gassverksemd, industri og vegtrafikk er dei største utsleppskjeldene i Noreg. For å løyse klimaproblemet må vi gjøre samfunnet uavhengig av fossil energi og utvikle og ta i bruk ny teknologi.</u>		
Norges Naturvernforbund meiner at:		
<ul style="list-style-type: none">• <u>Noreg må minimere eigne utslepp av klimagassar etter tilrådingane frå FN sitt klimapanel. Dette</u>		

Naturvernforbundets landsmøte 2011
Sak 7 – Framlegg til endringar i Naturvernforbundets prinsipprogram

<p>betyr at utsleppa må kuttast med 40 prosent frå 1990-nivå innan 2020 og at vi må skape eit nullutsleppsamfunn fram mot 2050.</p> <ul style="list-style-type: none">• Målet om å skape eit nullutslippssamfunn skal legge rammene for all sektorpolitikk, alt frå transport og energi til utdanning og forsking• For å løyse klimaproblemet må ein ta i bruk mange ulike verkemiddel. Rike land har hatt dei største utsleppa av klimagassar og har derfor størst ansvar for å redusere utsleppa.• Internasjonal kvotehandel og andre internasjonale tiltak skal sikre reelle utslippskutt og komme i tillegg til nasjonale reduksjonar.• Rike land som Noreg må ta eit særleg ansvar for å bidra til reduksjon av utslepp og sikre klimatilpassing i utviklingsland.
Prøhevotering
Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Framlegg 7.27		
Side 7	Linje 14-15	Framlegg frå: Torgeir Havik, Nord-Trøndelag
Endre setningen i framlegg 7.26 til		
Naturvernforbundet meiner den globale temperaturauken må haldast godt under 2 1,5 grader Celsius.		
Landsstyrets innstilling (enstemmig): Forslaget vedtas , med en endring:		
Naturvernforbundet meiner den globale temperaturauken på lengre sikt må haldast godt under 2 1,5 grader Celsius.		
Prøhevotering		
Redaksjonskomiteens innstilling Det opprinnelige forslaget ble endret i landsstyret. Det nye forslaget er		
Naturvernforbundet meiner den globale temperaturauken på lengre sikt må haldast godt under 2 1,5 grader Celsius.		
Redaksjonskomiteens innstilling: Forslaget fra landsstyret vedtas		
Vedtak: vedtatt		

Nytt kapittel: Landskap og friluftsliv

Framlegg 7.28		
Side 16	Linje 50	Framlegg frå: Erling Solvang, Nordland og Ragnhild

	<i>Sandøy, Troms</i>
--	----------------------

Nytt kapittel om landskap og friluftsliv

Landskap og friluftsliv

Norge er internasjonalt kjent for sine vakre landskap, og landskap er en viktig for det norske folk sin identitet og folkehelse og for verdiskaping og reiseliv. Det er ti år siden Norge godkjente den europeiske landskapskonvensjonen som trådte i kraft i 1.3.2004. Formålet med landskapskonvensjonen er å verne, forvalte og planlegge landskap og organisere europeisk samarbeid på disse områdene.

- vurdere om landskap er godt nok ivaretatt i lovverket
- integrere landskap i politikk på områder som kan ha direkte eller indirekte innvirkning på landskap
- forbedre de faktiske kunnskapene om egne landskap
- utdanne fagfolk og fremme undervisningsopplegg i skoler og universiteter
- bidra til å bevisstgjøre folk i det sivile samfunnet, private organisasjoner og offentlige etater
- gi befolkninga, lokale og regionale myndigheter og andre mulighet for å medvirke i landskapspolitikken
- legge til rette for samarbeid over landegrensene på lokalt og regionalt nivå

Vi har i dag mangelfull dokumentasjon over naturtyper og landskap i Norge, landskap er i dag under stort press og endres raskt pga. mange og store utbygginger og inngrep der landskap blir dårlig ivaretatt.

Naturvernforbundet meiner at

- Norge må sette av store ressurser til arbeid med landskap i Norge.
- et er behov for et nasjonalt program for systematisk kartlegging og verdivurdering av naturtyper, landskap og friluftsområder. Slike undersøkingar må gjerast av offentlege ekspertorgan, utan omsyn til evt. utbyggingsframlegg. Alle som søker om godkjenning av prosjekter, skal betale ei avgift som inngår i finansieringa av offentlege program og databasar.
- Norge bør utarbeide ein handlingsplan for verfulle landskap med utgangspunkt i regionale særtrekk og ulike dimensjoner.
- Til det er foretatt slike kartlegging og verdivurdering, og utvikla ein tilstrekkelig god metode for vurdering av landskapsverdier og landskapsomsyn, skal godkjenning av ny utbygging av vasskraft og vindkraft vente.

Landsstyrets innstilling (enstemmig): Forslaget oversendes det nye landsstyret

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling

Landsstyret innstiller på å oversende forslaget til det nye landsstyret.

Redaksjonskomiteens innstilling: **Forslaget oversendes det nye landsstyret.**

Vedtak: Oversendes det nye landsstyret

Forureining

Framlegg 7.29

Side 17

Linje 6-10

Framlegg frå: Landsstyret

Andre avsnitt foreslått stroke, i tråd med nytt klimakapittel

Førbruk av fossilt brensel fører til utslepp av klimagassar. Klimaet på jorda er difor i ferd med å endrast. På verdsbasis må utsleppa reduserast med 60–80 prosent for å unngå at fylgjene for livet på jorda blir katastrofale. Olje- og gassutvinning, transport, industri og oppvarming er dei største utsleppskjeldene i Noreg. For å løyse klimaproblemet må vi endre samfunnstrukturen slik at fossil energi blir unødvendig, og vi må utvikle og ta i bruk ny teknologi.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.30

Side 17

Linje 24-25

Framlegg frå: Landsstyret

Siste setning foreslått stroke

Dette gjeld Kyoto protokollen om å kutte veksten i klimagassutsleppa, Göteborg protokollen om utslepp av nitrogenoksidar og OSPAR som regulerer utslepp til vatn.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.31

Side 17

Linje 28-33. 1. og 2. kulepunkt

Framlegg frå: Landsstyret

Foreslått stroket, i tråd med nytt klimakapittel

- Noreg må minimere eigne utslepp av klimagassar etter tilrådingane frå FNs klimapanel. På sikt må Noreg verte uavhengig av fossile energikjelder.
- For å løyse klimaproblemet må ein ta i bruk mange ulike verkemiddel. Rike land har dei største utsleppa av klimagassar og har derfor størst ansvar for å redusere utsleppa. Internasjonal kvotehandel og andre internasjonale tiltak skal berre vere eit supplement til nasjonale reduksjonar.

Prøhevotering
Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas
Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.32

<i>Side 17</i>	<i>Linje 34-35, 3.kulepunkt</i>	<i>Framlegg frå: Landsstyret</i>
----------------	---------------------------------	----------------------------------

Foreslått å leggje til to ord

- Utsleppa til luft av svoveldioksid, nitrogenoksid og flyktige organiske stoff må reduserast slik at naturen levande organismar ikkje tek skade.

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.33

<i>Side 17</i>	<i>Linje 38-39, 5.kulepunkt</i>	<i>Framlegg frå: Landsstyret</i>
----------------	---------------------------------	----------------------------------

To tillegg, fire ord stroke

- Nye kjemikaliar må ikkje tillatast før det er dokumentert at dei ikkje kan komme til å opptre som miljøgifter og på sikt skade natur og menneske gi alvorleg skade på levande organismar

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.34

<i>Side 17</i>	<i>Linje 40-42, 6.kulepunkt</i>	<i>Framlegg frå: Landsstyret</i>
----------------	---------------------------------	----------------------------------

To tillegg

- Alle skal ha krav på å få vite om konkrete produkt eller tenester innehold miljøgifter eller helseeskadelege stoff, og kor mykje forureining dei fører til i samband med produksjon, bruk og når dei blir kasta. Informasjonsretten skal ha forrang føre konkurranseevna til bedrifa.

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.35

Side 17

Linje 43, 7.kulepunkt

Framlegg frå: Landsstyret

Eitt tillegg

- Gamle miljøgiftutslepp, uregulerte avfallslassar og liknande må kartleggjast og ryddast opp i, eller sikrast på annan måte.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.36

Side 17

Linje 44-45, 8.kulepunkt

Framlegg frå: Landsstyret

Eitt tillegg, ei stryking

- Noreg må følgje opp dei internasjonale avtalane vi har skrive under når det gjeld å gjenopprette og sikre god kvalitet på utslepp til luft og vatn.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.37

Side 17

Linje 46, 9.kulepunkt

Framlegg frå: Landsstyret

To tillegg

- Kysten må ha eit sterkt og førebyggjande oljevern som inkluderer rask responstid, beredskap sjølv for store ulykker under vanskelege forhold, og skjerming av sårbare område og artar.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Landbruk og fiske

Framlegg 7.38

Side 18	Linje 17-20, 1.kulepunkt	Framlegg frå: Landsstyret
---------	--------------------------	---------------------------

Eit ord blir erstatta med eit anna, eitt blir sett inn, fire ord strykast og ein leddsetning blir sett inn

- Andelen økologisk landbruk må aukast kraftig. På sikt må all landbruksproduksjon vere økologisk. Landbruket må i minst muleg grad vere avhengig av kunstig tilførsle av vatn, energi, kunstgjødsel og ugrasd reparar sprøytegiftar. Fiskeoppdrett og kjøtproduksjon må i minst muleg grad baserast på før som kan gå til menneskematen, eller som har negative fylgjer for miljøet.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.39

Side 18	Linje 21, nytt 2.kulepunkt	Framlegg frå: Landsstyret
---------	----------------------------	---------------------------

Nytt punkt

- Andelen økologisk matproduksjon må aukast kraftig, og dei offentlege målsettingane når det gjeld offentlege anskaffingar av økologisk mat bør skjerpast.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.40

Side 18	Linje 21-23, 2.kulepunkt	Framlegg frå: Landsstyret
---------	--------------------------	---------------------------

Siste setning blir flytta hit frå forureining

- Primærnæringane må ikkje nytte hormon, genmodifiserte dyr eller planter eller før med antibiotika. Risikoene for alvorlege smittesjukdomar må reduserast både ved tiltak heime og gjennom importrestriksjonar. *Utandørs bruk av genmanipulerte organismar og av ikkje stadeigne artar i skogbruket må nektast.*

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.41

Side 18	Linje 30-33, 5.kulepunkt	Framlegg frå: Landsstyret
---------	--------------------------	---------------------------

Tre strykingar, to nye ord

- Fiskeoppdrett kan ikkje erstatte den naturlege produksjonen av mat i havet. Oppdrett må ikke drivast slik at den ikke fører til ureining av nærområda, til slik at røming av fisk og sjukdomsspreiing. ~~blir hindra, og slik at den heller ikke på andre måtar uroar samspelet i naturen.~~

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.42

Side 18	Linje 42	Framlegg frå: Landsstyret
---------	----------	---------------------------

Nytt kulepunkt

- Myndighetene må ha strengare sanksjonar mot ulovleg og uregulert jakt og fiske.

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Energi

Framlegg 7.43

Side 19	linje 3-4, 2. strekpunkt	Framlegg frå: Oddvar Skre, Hordaland
---------	--------------------------	--------------------------------------

Legge til en delsetning

- Energien vi bruker, må i hovudsak vere fornybar. Den massive vasskraftutbygginga som har vore i Noreg, gjer at vi no ikke lenger kan tillata vidare utbygging av vassdraga våre. Vi må i staden må satse på dei nye fornybare energikjeldene.

Hordaland har fremmet et nytt forslag:

Energien vi bruker, må i hovudsak vere fornybar. Den massive vasskraftutbygginga som har vore i Noreg, gjer at vi må vera restriktiv til vidare utbygging av vassdraga våre. Vi må i staden satse på dei nye fornybare energikjeldene.

Landsstyrets innstilling (enstemmig): **Det nye forslaget vedtas**

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling

Forslagsstiller endret forslaget til

Energien vi bruker, må i hovudsak vere fornybar. Den massive vasskraftutbygginga som har vore i Noreg, gjer at vi må vera restriktiv til vidare utbygging av vassdraga våre. Vi må i staden må satse på dei nye fornybare energikjeldene.

Redaksjonskomiteens innstilling: Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.44

Side 19	Linje 16-18, 2.kulepunkt	Framlegg frå: Erling Solvang, Nordland og Ragnhild Sandøy, Troms
---------	--------------------------	--

Erstatte kulepunktet

- ~~Noreg må auke produksjonen av ny fornybar energi, slik som bio- og solenergi, bølge- og vindkraft. Samstundes må vi ta vare på naturmangfaldet. Ny produksjon av fornybar energi bør erstatter eksisterande energiforbruk basert på fossile energikjelder.~~

Med det følgende

- Utbygging og drift av ny energi i Norge skal primært skje for å dekke forsyningsbehov og når behovet er godt dokumentert. Det skal tas særskilte omsyn til naturmangfald, landskap og folkehelse, og det må ikke løyvas offentlege subsidier til inngrep i verdifulle områder eller områder som er mangelfullt kartlagt. NGO-leddet skal løyvas ressursar slik at dei får reelle muligheter til å medverke i beslutningsprosessene. Utbyggingsar som vert godkjende skal være med særskilt overvåkning og revisjon, både i utbyggings- og driftsfase. I alle utbyggingsprosjekt skal det være ein detaljplan plan for inngrep, vernesoner og avbøtande tiltak.

Landsstyret omarbeidet forslaget til det følgende:

Side 19, 2. kulepunkt, linje 16-18 endres fra

- ~~Noreg må auke produksjonen av ny fornybar energi, slik som bio- og solenergi, bølge- og vindkraft. Samstundes må vi ta vare på naturmangfaldet. Ny produksjon av fornybar energi bør erstatter eksisterande energiforbruk basert på fossile energikjelder.~~

Til

- Utbygging og drift av ny energi i Norge skal primært skje for å dekke forsyningsbehov og når behovet er godt dokumentert.
- Det skal tas særskilte omsyn til naturmangfald, landskap og folkehelse, og det må ikke løyvas offentlege støtte til inngrep i verdifulle områder eller områder som er mangelfullt kartlagt.

Landsstyrets innstilling (mot 11 stemmer): **Forslaget vedtas**

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling **Forslag frå redaksjonskomiteen**

Linje 16-18, 2.kulepunkt på side 19, endres fra

- Noreg må auke produksjonen av ny fornybar energi, slik som bio- og solenergi, bølgje- og vindkraft. Samstundes må vi ta vare på naturmangfoldet. Ny produksjon av fornybar energi bør erstatte eksisterande energiforbruk basert på fossile energikjelder.

Til

- Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi. Samstundes med energisparing, må Noreg satse på ny fornybar energi slik som bio- og solenergi, bølgje- og vindkraft. Ved all utbygging må det tas særskilt hensyn til naturmangfold, folkehelse og landskap.

Det følgende settes inn som et nytt punkt under naturmangfold.

- Det må ikkje løyves offentleg støtte til inngrep i verdifulle områder eller områder som er mangefullt kartlagt.

Redaksjonskomiteens innstilling: **Forslaget vedtas**

Vedtak: vedtatt

Forslag 7.44 A

Forslag frå Erling Solvang, Landsstyret:

Stryke setningen: Samstundes med energisparing, må Noreg satse på ny fornybar energi slik som bio- og solenergi, bølgje- og vindkraft..

Prøvevotering: Forslaget falt

Redaksjonskomiteens innstilling: **Forslaget avvises**

Avvist

Forslag 7.44 B

Forslag frå Mads Løkeland, Sør-Trøndelag:

Erstatte vindkraft med havvindkraft.

Prøvevotering: Forslaget falt

Redaksjonskomiteens innstilling: **Forslaget avvises**

Avvist

Framlegg 7.45

Side 19

Linje 16-18, 2. kulepunkt

Framlegg frå: Oddvar Skre, Hordaland

Sette inn en setning i kulepunktet

- Noreg må auke produksjonen av ny fornybar energi, slik som bio- og solenergi, bølgje- og vindkraft. Sidan store delar av vassdraga våre allereie er utbygde, kan ikkje utbygging av meir vasskraft tillatast. Samstundes må vi ta vare på naturmangfaldet. Ny produksjon av fornybar energi bør erstatte eksisterande energiforbruk basert på fossile energikjelder

Landsstyrets innstilling (enstemmig): Forslaget avvises

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget avvises, **fordi det refererer til et kulepunkt som er endret**

Vedtak: avvist

Framlegg 7.46

Side 19

Linje 23-26, 5.kulepunkt

Framlegg frå: Landsstyret

Erstatte punktet med to nye kulepunkt:

- Olje- og gassutvinningstempoet må reduserast. Det må ikkje opnast før leiting og utvinning i nye område. Barentshavet, Lofoten/Vesterålen, Skagerrak, Mørebasenget og kystnære område må gjevast varig vern mot olje- og gassverksemd. Vernet skal ikkje vere til hinder for hausting av fornybare ressursar.
- Norsk olje- og gassverksemd må trappast ned og på sikt fasast ut.
- Det må ikkje opnast for leiting og utvinning i nye område. Barentshavet, Lofoten/Vesterålen/Senja, Skagerrak, Mørebasenget og kystnære område må bli gitt varig vern mot olje- og gassverksemd. Vernet skal ikkje vere til hinder for hausting av fornybare ressursar.

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.47

Side 19

Linje 31-32, 8.kulepunkt

Framlegg frå: Landsstyret

Punktet erstattas med eit nytt kulepunkt:

- Det må ikkje byggjast fleire kollekraftverk i Noreg. Mange miljøproblem knytt til kollekraft, slik som kvikksoolv og radioaktivitet, kan ikkje reinsast bort.

- | |
|--|
| <ul style="list-style-type: none"><u>Koldrifta på Svalbard må bli innstilt. Det må ikkje byggjast fleire kolkraftverk i Noreg. Mange miljøproblem knytt til kolkraft, slik som kvikksølv og radioaktivitet, kan ikkje reinsast bort.</u> |
|--|

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Avfall

Framlegg 7.48

Side 20	Linje 24	<i>Framlegg frå: Landsstyret</i>
---------	----------	----------------------------------

Første to setningar foreslått stroke

Mengda avfall aukar ukontrollert. Dette fører til store miljøproblem. Målet er å gjøre avfallsmengda minst muleg, og få til korte lukka materialkrinslaup. Alt avfall må handsamast i samsvar med avfallshierarkiet. I prioritert rekjkjefølgje vil det seie (1) minimering av avfallsmengda, (2) ombruk, (3) resirkulering/attvinning, (4) forbrenning med energiattvinning og (5) deponi/forbrenning utan energiattvinning.

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.49

Side 20	Linje 31-33, 1.kulepunkt	<i>Framlegg frå: Landsstyret</i>
---------	--------------------------	----------------------------------

Erstatte ein delsetning me ein annan, og legge til ein setning

- Avfallsmengda må reduserast. Produkt må vare lenger, og i større grad kunne reparerast og nyttast fleire gonger. Det må brukast mindre emballasje, og den må vere meir standardisert og kunne brukast om att og den må være biologisk nedbrytbar og giftfri. Plastprodukt eller emballasje som ikkje kan være biologisk nedbrytbar, må inkluderes i et effektivt pantesystem.

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.50

Side 20	Linje 40-42, 6.kulepunkt	Framlegg frå: Landsstyret
---------	--------------------------	---------------------------

Siste setning foreslått stroke

- Det må byggjast ut gode kjeldesorteringsordningar i heile landet. I fyrste omgang må minstekravet vere henteordningar for papir, plast og matavfall i hushaldningane, i tillegg til bringeordningar for andre typar avfall.

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.51

Side 20	Linje 43-44, 7.kulepunkt	Framlegg frå: Landsstyret
---------	--------------------------	---------------------------

Foreslått stroke, nytt punkt blir sett inn

- ~~Det må verte forbode å forbrenne og deponere usortert avfall. Ved all avfallsforbrenning må energien utnyttast~~
- Det må bli forbod mot å forbrenne avfall som kan brukast om eller resirkulerast.

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.52

Side 20	Linje 45-46, 8.kulepunkt	Framlegg frå: Landsstyret
---------	--------------------------	---------------------------

Foreslått stroke

- ~~Restavfall må deponerast slik at det i minst muleg grad fører til ureining. Organisk avfall skal ikke deponerast~~

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.53

Side 20	Linje 48, 10.kulepunkt	Framlegg frå: Landsstyret
---------	------------------------	---------------------------

Foreslått stroke

- Ein størst muleg del av avfallet må takast hand om lokalt, før å unngå miljøskadeleg transport.

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Internasjonal solidaritet og rettferd

Framlegg 7.54

Side 21	Linje 2-14	Framlegg frå: Landsstyret
---------	------------	---------------------------

Ein setning strykast, tre ord blir bytt ut med eit anna, eit avsnitt blir bytt ut med eit anna

Verdas fattigaste lir i dag under miljøproblem som i stor grad er skapt av rike land og av overforbruket til velståande individ. ~~Dei globale klimaendringane er hovudsakleg forårsaka av dei rike landa, og er i dag i ferd med å bli det største trugsmålet mot menneske og natur i Sør.~~ Bruken av ressursane på jorda er svært skeiv, eit mindretal av velståande land og individ brukar størstedelen av ressursane, medan ~~størparten av folket mange~~ på jorda lever i fattigdom og naud.

Rike land har derfor eit særleg ansvar for å bidra til arbeidet med å løyse miljøproblema i verda. Dette må skje gjennom internasjonalt samarbeid og i tråd med internasjonale miljøavtalar og menneskerettar. Eit sentralt mål er at verda må bli meir klimarettferdig enn ho er i dag. Dei rike landa må redusere forbruket og utsleppa for at fattigare land skal kunne utvikle velstanden utan at det aukar presset på klimaet. Samstundes må rike land bidra med støtte og med å legge til rette for at utviklinga i Sør skjer med minst muleg klimagassutslepp og at desse landa kan tilpasse seg klimaendringane.

Naturvernforbundet sitt mål er ei berekraftig utvikling og nedkjemping av fattigdom basert på rettar. Naturmangfoldet og ressursgrunnlaget må bli forvalta med tanke på kommande generasjonar.

Prøhevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.55

Naturvernforbundets landsmøte 2011
Sak 7 – Framlegg til endringar i Naturvernforbundets prinsipprogram

Side 21	Linje 19, 1.kulepunkt	Framlegg frå: Landsstyret
Eit ord foreslått bytt ut med eit anna		
<ul style="list-style-type: none">Miljøomsyn og omsyn til meir rettferdig fordeling av ressursar må telje meir enn internasjonale mål om økonomisk <u>vekster vekst</u> og auka frihandel. Internasjonale miljøavtalar må bli overordna i høve til økonomiske avtalar, og internasjonale økonomiske avtalar må ikkje avgrense miljøomsyn.		
Prøhevotering		
Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas		
Vedtak: vedtatt		

Framlegg 7.56		
Side 21	Linje 25	Framlegg frå: Landsstyret
Foreslått nytt punkt		
<ul style="list-style-type: none"><u>FN må styrkast</u>		
Prøhevotering		
Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas		
Vedtak: vedtatt		

Framlegg 7.57		
Side 21	Linje 25-26, 3.kulepunkt	Framlegg frå: Landsstyret
Foreslått ei stryking og at eit uttrykk blir bytt ut med eit anna		
<ul style="list-style-type: none">Samarbeid med og støtte til det sivile samfunnet i Sør, inklusive miljørørsla, må vere ei viktig prioritering i <u>norsk bistand Noreg sin internasjonale innsats</u>.		
Prøhevotering		
Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas		
Vedtak: vedtatt		

Framlegg 7.58		
Side 21	Linje 27-28, 4.kulepunkt	Framlegg frå: Landsstyret
Ein del foreslått flytta til kapitlet om klima. To ord blir bytt ut med eit.		

Naturvernforbundets landsmøte 2011
Sak 7 – Framlegg til endringar i Naturvernforbundets prinsipprogram

- | |
|---|
| <ul style="list-style-type: none">Rike og oljeproduserande land som Noreg bør ta eit særleg ansvar for å bidra til reduksjon av utslepp, klimatilpassing og utvikling av lågkarbonsamfunn i land i Sør. Norske investeringar i utlandet må bidra til å sikre ei miljøvennlig utvikling i desse landa utviklingslanda. |
|---|

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Framlegg 7.59

Side 21	Linje 37	<i>Framlegg frå: Landsstyret</i>
---------	----------	----------------------------------

Nytt kulepunkt

- | |
|---|
| <ul style="list-style-type: none">Folkerettslege avtalar om forvaltning av område må baserast på internasjonale urfolksrettar forankra i FN og ILO. |
|---|

Prøvevotering

Redaksjonskomiteens innstilling Forslaget vedtas

Vedtak: vedtatt

Prinsipprogrammet som helhet ble enstemmig vedtatt.